



EID KOMMUNE

Møtebok

SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv.
Helse- og omsorgsstyret	14.10.2010	020/10	KKR

Avgjerd av: Saksbehandler: Kari Krogh	Arkiv: F10 Objekt:	Arkivsaknr 10/1379
--	-------------------------------------	------------------------------

Høring: Aktiv deltakelse likeverd og inkludering - eit helhetleg hjelpetilbod. NOU 2010:5.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	30.06.2010	Det kongelige arbeidsdepartement	Høring aktiv deltakelse likeverd og inkludering - eit helhetleg hjelpetilbod NOU 2010:5
5	U	13.10.2010	Arbeidsdepartementet	Følgjebrev til fråsegn frå Eid kommune. Aktiv deltakelse, likeverd og inkludering. NOU 2010:5.

Prenta vedlegg:

1. Framlegg til fråsegn frå faggruppe i Nordfjord.
2. Samandrag av NOU2010:5.
Samla utgreiing ligg på: <http://www.regjeringen.no/html?id=602627>
3. Fråsegn frå Noregs Handicapforbund.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.:

Folketrygdloven.
Forskrift om hjelpemiddelsentralenes virksomhet og ansvar.

Kva saka gjeld:

Høring av NOU 10:5 om ei vurdering av den statlege hjelpemiddelformidlinga.

Bakgrunn for saka:

Ved kongeleg resolusjon 25. april 2008, blei det sett ned eit utval som skulle føreta ein heilskapleg gjennomgang av forvaltning, organisering og finansiering på hjelpemiddelområdet. Hovudmålet var å få ei vurdering av mulege langsiktige grep som kan gi varige og effektive kvalitets- og kompetanseforbetringar i systemet for formidling og forvaltning av hjelpemiddel. Den 4. mai 2010 leverte utvalet si innstilling: NOU 2015:10. Det er lagt opp til ein brei og grundig høyringsprosess, og kommunane er høyringsinstansar.

Saksutgreiing:

Ordninga slik den fungerer i dag, med eit tydeleg skilje mellom statleg og kommunalt ansvar:

1. Kommunane har ansvaret for kortvarig utlån av hjelpemiddel (inntil 2 år).– og finansiering av slike hjelpemiddel
2. Hjelpemiddelordninga for varige utlån til brukarar med varig nedsett funksjonsevne er i dag heimla i Folketrygdloven, og ordninga vert finansiert av staten.

NAV Hjelpemiddelsentral i fylket har spesialkompetanse på området, og samarbeider tett med kommunale fagpersonar. Finansieringsansvaret for hjelpemiddel til bruk i skule og barnehage vart overført frå kommune til stat i 1997.

Staten finansierer hjelpemiddel til dei som bur i eigne heimar, inkludert omsorgsbustader. I sjukeheimar er det kommunen som har finansieringsansvaret for hjelpemiddel.

Det overordna målet med hjelpemiddel er at dei med nedsett funksjonsevne skal ha høve til aktiv deltaking, likeverd og inkludering på lik line med andre borgarar.

Utvalet sitt framlegg til endringar:

Utvalet har konkludert med at det er behov for å justere noverande modell, og føreslår ”forbedringar i dagens organisering, finansiering og regelverk”. Men utvalet seier at det er på lengre sikt noverande organisering ikkje held mål, og at det må brukast lang tid på justeringar, endringar og omstillingar.

Utvalet føreslår følgjande endringar av ordninga:

- Ansvar for forvaltning og formidling av arbeidshjelpemiddel og tilrettelegging i arbeidslivet skal framleis vere eit statleg ansvar, men det vert gjort framlegg om å harmonisere ordninga med anna regelverk og Arbeids- og velferdsstaten sine verkemiddel for arbeidsinkludering, for å hindre utstøyting frå arbeidslivet.
- Ansvar for forvaltning, formidling og finansiering av basishjelpemiddel i dagleglivet, mellom anna innan skule og omsorg, skal overførast til kommunane. Ansvar for utstyr til trening, stimulering og leik vert overført til kommunane, og aldersgrensa for slike hjelpemiddel vert oppheva (no 26 år). Ansvar for tilskot til opplæringstiltak i dagleglivet (sansenap) vert overført til kommunane og spesialisthelsetenesta, avhengig av ei vurdering av ansvars plassering.
- Ansvar for forvaltning og formidling av andre hjelpemiddel, t.d. dyrare hjelpemiddel og hjelpemiddel som krev spesialtilpassing, skal også i framtida vere statleg.
- Ansvar for trappeheis og løfteordningar vert flytta frå Hjelpemiddelsentralen til Husbanken.

Utvalet føreset at kommunane har kompetanse og ressursar til å overta ansvaret, og trur at eit større kommunalt ansvar vil kunne føre til meir effektive og heilskaplege løysingar, og eit mindre skilje mellom varige og mellombelse behov.

Utvalet meiner også at hjelpemiddel i dagleglivet i stor grad har samanheng med behovet for helse- og sosialtenester, særleg rehabilitering og pleie og omsorg. Eit heilskapleg ansvar vil kunne føre til betre tenester. Det heiter også at ”*Kommunen ikke lenger vil kunne skyve hjelpemiddelansvaret over på folketrygden ved å opprette omsorgsboliger i stedet for sykehjemsplasser*”.

Brukarundersøkingar viser at til yngre brukarane av hjelpemiddel er - og til meir komplekst behovet er - til mindre nøgde er brukarane av hjelpemiddelforvaltninga. Vidare seier utvalet at eit auka ansvar for hjelpemiddel i kommunane, vil kunne avlaste hjelpemiddelsentralane, slik at dei får meir ressursar til å betre tilbodet til brukarar med komplekse behov.

Ordninga i Eid kommune:

Kommunalt ansvar: Heimtenestene har eit lager for kommunalt utlån.

Formidling av hjelpemiddel frå NAV Hjelpemiddel: Alle avdelingane i pleie- og omsorgstenestene søkjer om hjelpemiddel til "sine" pasientar, dersom det er enkle hjelpemiddel, medan det er fysio- og ergoterapitenesta som formidlar hjelpemiddel i dei komplekse sakene. Hjelpemiddellageret frå NAV er i kjellaren på Eid Sjukeheim. Det er vaktmeistrane som hjelper til med ut- og innlevering. Fysio- og ergoterapitenesta – og vaktmeistrane - tek enkle reparasjonar sjølve, elles vert hjelpemiddel sende til Førde/NAV for reparasjon.

Arbeidet med fråsegna:

Den 03.09.10 sette kommunalsjefgruppa i Nordfjord ned eit fagutval som skulle utarbeide eit framlegg til høyring innan 29. september, felles for alle Nordfjordkommunane (jf. vedlegg).

Desse har vore med i faggruppa:

Siv Rotevatn, leiande fysioterapeut i Eid kommune.

Margot Andenes, leiande fysioterapeut i Gloppen kommune.

Anita Skarstein, ergoterapeut i Stryn kommune.

Vurdering:

Det vert med dette vist til fråsegna frå faggruppa.

Hovudkonklusjonen i faggruppa er at:

- Framlegget medfører ei omfattande oppgåve- og ansvarsforskyving frå stat til kommune. Dette vil medføre eit vesentleg meirarbeid for kommunane. Det må byggjast opp eit stort system med ein omfattande logistikk.: Fleire stillingar/auka kompetanse, organisering av eit sort lager, reinhald, reparasjonar.
- Tilbodet til brukarane vert avhengig av kompetansen i kommunane, kommuneøkonomi og prioriteringar. Det er dermed fare for eit ulikt tilbod, avhengig av kvar ein bur (større, mindre kommunar).
- Faggruppa er redde for at dei økonomiske overføringane ikkje vil samsvare med behova.
- Ansvar for tilrettelegging, kartlegging av behov og formidling av hjelpemiddel, vil kunne verte fragmentert og lite oversiktleg for brukarane, og kompetansen vert spreidd. Ansvarsplasseringa kan bli uklar, mellom anna når det gjeld "dyrare" og "spesialtilpassa" hjelpemiddel.
- Utvalet sitt framlegg vil kunne forsterke ulikskapar i helse mellom sosiale lag.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Eid kommune si fråsegn til framlegg om endring av regelverk på hjelpemiddelområdet vert vedteken slik det går fram av vedlegget.

Helse- og omsorgsstyret sitt vedtak. 14.10.10:
Som rådmannen si tilråding, samrøystes.

Ørjan Raknes Forthun
-rådmann-